



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1168-13

Sakshandsamar: Hilde Øyane

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Ungdomsrådet		

Innbygggarappen Civis

Bakgrunn for saka

Ungdommane i Tokke har tidligare etterlyst informasjon over td. aktivitetsoversikt for barn og unge, ledige jobbar, kurs etc via mobil. ViFritid er ei løysing som er blitt løfta fram som eit alternativ, og den kan enkelt tilpassast kommunens heimeside. No har Tokke kommune gått for innbygggarappen Civis.

Civis gjev deg enkel tilgang på informasjon og sjølvbetjeningsverktøy på smarttelefonen din.

Du får målretta informasjon frå kommunen basera på dine valde kategoriar.

Dei kategoriane du vel er dei som vil dukke opp som nyhende i appen, og som du vil få pushvarsel på.

Døme: dersom du ynskjer å fylgje med på kva for stillingar som blir lyst ut, så vil du få varsel kvar gong det blir lagt ut noko nytt når du har vald kategorien Ledige stillingar. Du kan når som helst endre kva for kategoriar du ynskjer å fylgje under Mine val.

Ein av kategoriane i Civis er Ung i Tokke. Informasjonen i Civis-appen er det kommunen som styrer.

Saksutgreiing

Konklusjon

Kommunedirektørens tilråding